



# Heradsstyremøte med tema Barnevernløftet Vestland 2022- 2024

Voss, 04. mai 2023


Sølvi Olrich Sørebø og Tom Gundersen, KS Vestland

# **Barnevernløftet og oppvekst i Voss heradsstyre- ca. tider- og – pausar ved behov**


<b>12:20</b>	<b>Ordførar ønsker velkommen til denne bolken i møtet</b>
<b>12:25</b>	<b>Kven har ansvar for barnevernet – roller og ansvar?</b> KS
<b>12:45</b>	<b>Eit djupdykk i korleis har barn og unge har det i vår kommune</b> <i>Barnevern + oppvekst + helse (?)</i>
<b>14:00</b>	<b>Kva er handlingsrommet og korleis veit eg som folkevald at vi har eit godt barnevern?</b> KS
<b>14:20</b>	<b>Gruppediskusjonar</b> Oppgåve: Kva er våre ambisjonar og ønske for barnevernet og oppvekstfeltet?
<b>14:50</b>	<b>Deling og oppsummering i plenum</b> KS
<b>15:15</b>	<b>Avsluttande ord til denne økta ved ordførar</b>

Kva er dine forventningar til dagen?

Nokon som vil dele?



# Eit barnevern i endring – kva skjer når?



## Kompetansestrategi 2017-2024

- Kvalitetssystem, tenestestøtteprogram, veiledningsteam
- Kommunale læringsnettverk
- Dialogmøter

## Endringar i barnevernlova

### Ny barnevernlov

### Årleg rapportering til kommunestyret

### Barnevernreform



## Barnevernløft

- Folkevald og administrativ
  - Auka eigarskap til barnevernet
  - Auka kunnskap og interesse
  - Ambisjonar og retning
  - På agendaen i kommunestyret
- Kva skal kjennetegne vårt barnevern
  - Styringsdialog og rapportering



# Barnevernløftet Vestland 2022- 2024





## Nettverket si målsetting

\*Auka eigarskap til kommunane sitt barnevern frå administrativ og politisk leiing. Deltaking i nettverket skal gje øvste leiing kunnskap til å setje ambisjonar og retning for kommunens sitt barnevern

\*Hjelp til sjå alle tenester til barn og unge i ein samanheng.

\*Etablering av arenaer for god dialog mellom fagleg leiing av tenesta og administrativ/politisk leiing slik at alle kan delta aktivt i drøftingar som rører ved strategiske val for kommunen sitt barnevern.

\*Gje kommunen verktøy og rettleiing til å utarbeide årleg tilstandsrapport for barnevemet.





Kven har ansvaret for barnevernet i vår kommune?



Voss herad



# Kven er ansvarlege for barnevernet i Voss herad?



Voss herad

## **Ny Kommunelov § 5-3**

Kommunestyret er det øverste organet i kommunen...

Kommunestyret treffer vedtak på vegne av kommunen, ... hvis ikke noe annet følger av lov.


## **Fra St.prp. om ny lov**

Kommunal myndighet som andre forvalter, enten det er folkevalgte eller administrasjonen, gjøres på vegne av kommunestyret og under kommunestyrrets politiske ansvar.

# Kven skal bestemme korleis vårt barnevern skal vere?

**Statsforvaltaren**

**Bufdir/Bufetat**



**Kommunen**

Kommunestyret:

- Ordførar
- Formannskap
- Utvalg/komite



Kommunedirektør

- Verksemdsleiar
- Kommunalsjef/Etatssjef
- Tilsette

**Brukbarar**

**Interessegrupper**

# Samspelet politikk og administrasjon



Voss herad





# Barnevernreforma – ei oppvekstreform



Voss herad



Vi kan berre nå måla i reforma  
gjennom endringar i heile  
oppvekstsektoren i  
kommunane





## Grunnpilarar i reforma

- Forebygging og tidleg innsats
- Helhitleg tenestetilbod
- Samarbeid på tvers av sektorar
- Kommunal styring – kommunen sitt overordna ansvar
- Samarbeid på tvers av kommunar



# Endringar i kven som gjer kva?



# Kommunane har fått eit auka ansvar



- Lovfesta plikt til å søke etter fosterheim blant slekt og nettverk
- Helheitleg ansvar for oppfølging og veiledning av kommunen sine fosterheimar
- Kommunale hjelpetiltak
- Plan for forebygging
- Årleg rapportering i kommunestyret
- Endring i finansieringssystemet

# Gode grep som kan vere aktuelle

- Innføre gode og kunnskapsbaserte forebyggande tiltak
- Innføre gode og lokale hjelpetiltak – søk evt. samarbeid med andre kommunar
- Forebygging og tidleg innsats sparar kommunane for meir inngripande og dyre tiltak som institusjonsplasser
- Bli godt kjent med eigen kommune sitt forbruksmønster av statlege teenester i dag – her ligger pengene!
- Sjå bufdir.no for meir informasjon





# Oppsummert

- Kommunestyret har ansvar for barnevernet på lik linje med andre kommunale tenester
- Med reforma fekk kommunane fleire oppgaver og auka finansieringsansvar
- Auka ansvar nødvendiggjer styrka eigarskap hos kommuneleiinga
- Dette inneber å sette retning og ambisjonar, og forutset innsyn i oppgåver, ansvaret og kvaliteten på arbeidet



# Eit djupdykk i korleis barn og unge har det i vår kommune

Barnevernleiar Eyvind Eidhammer  
Frå konsultasjonsteamet Kitty Prestegård



# Temamøte Barnevern

12.20	Velkommen til temamøte v/ordførar
12.25	Kven har ansvaret for barnevernet – roller og ansvar v/KS
12.40	Eit djupdykk i barnevernet v/barnevernsleiar
13.40	Pause
13.55	Kva er handlingsrommet og korleis veit eg som folkevald at me har eit godt barnevern? v/KS
14.15	Gruppediskusjon; Kva er våre ambisjoner og ønske for barnevernet og for oppvekstfeltet
15.00	Deling og oppsummering i plenum
15.20	Kommunalsjef svarer på spørsmål frå Levekår om status ved barnehager og skuler
1525	Takk for temamøte v/ordførar

Voss Bv -frå  
kontroll til  
utvikling.  
Mai 2020 til  
idag.



# Målbilete



- Me skal møta mennesker med openheit, varme, respekt, fagleg tyngde og tryggleik
- Me skal vera eit "grønt" barnevern
- Me skal følga opp våre fosterborn i tråd med gjeldande lovverk
- Me skal unngå plasseringar av born, ved hjelp av det "ytre barnevernet"

# Dagens status:

1. Lite eller inga sjukemeldingar pga arbeidsmiljø/press.
2. Nøkkeltal pr 01.05.23: ingen avvik
3. Me tek stort ansvar for BV-reform
4. KS – satsing 2022 (Barnevernløftet og God barnevernledelse)

Blikket  
framover –  
for å sikra ei  
god og stabil  
teneste.

#### **4 viktige «søyler»:**

1. Stabil og effektiv leiing
2. God opplæring til alle nytilsette
3. Har rutine for god individuell rettleiing
4. Jobba kvar veka med fagleg utvikling av tenesta



# Stabil og effektiv leiing

## **Leiing handla om:**

- a) Retning – kor skal vi (mål og rolleavklaring)
- b) Meining – kvifor skal vi dit (motivasjon)
- c) Individuell merksemd



# God opplæring til alle nytilsette

1. Ha klare og tydelege rutinar for dette
  - Heradet
  - Lokalt på kontoret



# Har rutine for god individuell rettleiing

1. Teamleiarane har faste møter kvar veka med sine kontaktpersonar (60-90 minutt)
2. Leiar har faste møter med teamleiarane kvar veka (60-90 min)



Jobba kvar  
veka med  
fagleg  
utvikling av  
tenesta.

1. Gjennom team-møta auka fokus på fagleg utvikling
2. Personalmøter – eigne foredrag eller fagleg støtta frå andre
3. Strukturerte leiarmøter



# Voss Bv i dag og blikket framover

- Korleis vert det jobba med involvering av dei tilsette og med implementering av oppvekstreforma internt i barneverntenesta?
- Fagansvarleg
- Kulturendring



# Utfordringsbilete for BV i Voss herad



- Hjelpetiltak i heimane, dette er sentralt for å kunne etterleve reforma
- Utfordrande å utvikle gode lokale hjelpetiltak
- Bvt kjøper framleis eksterne tenester
- Samhandling med alle tenestene

	Meldingar	Undersøkingar	Tiltak	Fosterborn
2020	195	103	192	30
2021	194	112	175	30
2022	124	77	153	30
2023 (til no)	99			30

# Utfordring til politikarane

- Kva treng folkevalgte  
frå administrativ leiing for å kunne  
sette retning og mål for tjenesten?





Hva er handlingsrommet og korleis veit eg  
som folkevald at vi har eit godt barnevern?



# Auka kommunalt ansvar for barnevernet

Utifrå ei målsetjing om;

Betre samanheng mellom ulike tenester  
og eit betre tilpassa tenestetilbod til barn  
i barnevernet

Barnevernreformen i Prop. 73 L (2016-2017)



- Kva kan de folkevalde meine noko om?
  - Kva kan de spørje om?
  - Hva kan de bestemme?
- 
- Årleg rapportering
    - Kva er viktig for kommunestyret å vite?
    - Meir enn tall (!)




## Lovar, fristar og formkrav


- Fristar for å behandle meldingar og gjennomføre undersøkelser
- Iverksetting og evaluering av tiltak
- Krav til tiltaksplanar og omsorgsplanar
- Godkjenning av fosterheimar, tilsynsførarar osv.
- Oppfølging av fosterbarn/fosterheimar, krav til antall tilsynsbesøk
- Dokumentasjon



# Det lokalpolitiske mogelegheitsrommet – sånn det følast:



# Det lokalpolitiske mogelegheitsrommet – sånn det faktisk er




## Hva kan kommunen bestemme selv innenfor barnevernet?

## Kva kan kommunen bestemme innanfor barnevernet:

- Intern organisering i tenesta
- Strategiar og satsningsområde
- Eige barnevern eller gradar av samarbeid med andre kommunar
- Tiltaksutvikling, eigne eller interkommunale samarbeid
- Grad av forebyggande arbeid og bruk av hjelpetiltak for å unngå plasseringar
- Bemanning og kompetanse i barnevernet (forsvarlegheitskrav)
- Samarbeid med andre einingar, grensene mot andre kommunale tenester
- Plasseringstad, plassering av søsken saman, finne løysingar i slekt og nettverk osv.
- Ytterste grad av brukerinvolvering i eiga barnevernssak og ved utvikling av tenestene




Kontaktlærer, sosiallærer/  
miljøterapeut,  
førskolelærer, assistenter,  
SFO-personell, rådgivere



Rådgiver,  
OT-  
rådgiver



Helsepsykpleier, fastlege,  
psykiatrisk sykepleier,  
sosionom,  
kommunepsykolog




Skolelege,  
helsepsykpleier,  
skoletannlege



PPT-rådgiver



Minoritets-  
rådgivere,  
Flyktning-  
konsulent




Barnevern-/  
familievernkonsulent



NAV-veiledere i kommunene og  
i videregående skole

**Det finst mange  
og spesialiserte tilbod og  
tenester**



Politikontakt, politiforebygger  
SLT-koordinator, ungdoms-  
koordinator (Konfliktrådet)



# Hva rapporterast på i dag og kvifor?





## Hva rapporterast på i dag?

- Ressursar - halde budsjettet
- Lovkrav – overhalde fristar og antal tiltaksplanar
- Volum – utvikling i antall meldingar, undersøkingar, barn i tiltak, sjukefråvær

*Kvalitet?  
Resultat?  
Retning?*

Ei mogeleg utfordring?

## Informasjon og veivalg



## Teieplikt




# Informasjon som kan vere aktuell for folkevalde

- Innhaldet i tenesta
  - Tidleg innsats. Kjem tenesta tidsnok inn?
  - Kva former for tiltak nyttar vi i vår kommune?
  - Virkar tiltaka som settast inn? Intensitet i tiltak?
  - Oppfølging og type forsterkning av fosterheimar for å sikre stabile og gode plasseringar
  - Andel ungdom som mottek ettervern
  - Andel «gjengangere» (brukarar som kjem tilbake til tenesta etter saka er avslutta)
  - Grad av barn si medvirking i eiga barnevernssak og ivaretaking av deira rettigheiter
  - Grad av involvering av slekt og nettverk og metodar for dette



# Innhaldet i tenesta – mogeleg innhald i rapportering

- Får innbyggjarane den hjelpa dei treng ...eller sagt på ein annan måte:  
*Har barneverntenesta dei riktige tiltaka å tilby barn, unge og deira foreldre?*
- Har tenesta riktig og tilstrekkeleg kompetanse?
- Korleis har dei tilsette det på jobb?
- Stabilitet og nærvær - er dei tilsette på jobb?
- Er tenestene som blir gitt forsvarlege?
- Korleis fungerer internkontrollen – kva er dei viktigaste risikoområda, kultur for å melde avvik, og korleis følgast evt. avvik opp?
- Drivast det systematisk kvalitetsforbedring i tenesta?



## Diskuter i grupper:

Kva er våre ambisjonar og ønsker for barnevernet og oppvekstfeltet i Voss herad?



# Deling- oppsummering og takk for oss

[sos@ks.no](mailto:sos@ks.no)

# Stikkord frå gruppediskusjonane

## Kva er ambisjonane for vårt BV?

- Tidleg innsats og meit ressursar på «ytre barnevern».
- Openheit
- Samarbeid
- Tryggleik

## Runden rundt bordet:

- Færrest mogeleg skal ha behov for BV – pga tidleg innsats.
- Begge foreldreparter vert høyrt.
- Så få anonyme meldingar som mogeleg.
- Alle har rett på ein trygg oppvekst.
- Tidleg innsats – unngå plasseringar.
- Kostnadskrevjande med tidleg innsats – meir tenking rundt

## Etterhjelp/ettervern – oppfølging . kva skjer?

- Internt samarbeid – her må alle instansar koplast meir på.

## Ytre BV...

- Tidleg innsats - nytta nok ressursar.
- Hindra at me får «turnover» og sjukemeldte...
- Få ned kostnadane, samt nytta ressursane rett.
- Kven skal ta ansvar for meldinga...
- Unngå plasseringar – er på rett veg.
- Skal alle born bu heima?

Gruppa starta med å etterspørje meir generelt om korleis bv.tj. er organisert pr. i dag, samt litt kva helpetiltak som er utfordrande å få på plass i dag.

## Gruppeoppgåver:

Kva er våre ambisjoner og ønsker for barnevernet og for oppvekstfeltet?

### Individ:

Samspel mellom skulane, tidleg innsats, flytte kroner på rett plass, behalde dei dyktige som jobbar. Tidleg tiltak, bemanning i skulane er viktig. Hardt pressa bemanning pr. i dag. Betre bemanning vil gjere det lettare å fange opp dei som slit. Voss familiesenter/familieterapi må styrkast kunne gi lägterskeltilbud, kunne reklamere dette. Gode livsmestringstiltak. Jobbe aktivt for utanforskap.

Barnevern kan gi enda meir informasjon ut til befolkninga. Gi politikarane meir info om kva dei bevilgar pengane til. Mål må vera fleire plasseringar. Kan for lite om barnevern.

Som Verneombud ser ein at ansatte som jobbar i barnevernet har slitasje frå jobben. Viktig med samarbeid på tvers. Barnekoordinator vert viktig. Koordinere tenester og kunne følgje opp barna frå starten. Treng kompetanse i alle ledd for å kunne avdekke kven som treng hjelp og kvar dei kan få rett hjelp i frå. Eks. via barnehage eller skule. Viktig med fagkompetanse til dei som jobbar med barn.

Få det integrert i alle ledd at ein må tidleg inn for å kunne hjelpe barna. Viktig at barnevernet strekker seg veldig langt for å unngå plassering i barnevernet.

Tidleg innsats: Gi meir pengar til oppvekst og barnevern. Må prioriterast. Viktig med tidleg innsats sjølv om dette går utover andre busjett. Ekstra utfordrande barn må kunne få god nok hjelp allerede på skulen. Er det mogleg å få til fleire tenester lokalt på Voss. Veldig kjekt å få denne fagdagen slik at ein får betre kjennskap til jobben barnevernet gjer.

Systemet sørger for at ein dekker alle behov. 1-1 men og gruppe. Frå reperasjon til forebygging.

Kommunedelplan for tidleg innsats vert jobba med. Viktig at ein får satt det i system. Noko av utfordringar er å finne rett folk som kan gjøre oppgåver med kompetanse. Kan vera at pengar er der. Utfordringar med å rekruttera folk.

## Gruppe

Målet bør vera at ein ikkje treng barnevernet. Kome tidleg nok inn slik at ein får rett til tidleg inn.

Både med økonomi løyve meir peng

Tidleg innsats heller enn i skule

Styrka bemanning inn i skule

Gode livsmestringstiltak.

Betre samarbeid på tvers av innstansar

Treffte behova betre og tidleg.

Kompetanse er viktig.



# Stikkord frå gruppeditkusjonane

Kva er våre ambisjonar og ynskjer for oppvekstfeltet i Voss herad:

Ikkje treng å foreta oss noko, alle som er i målgruppa vert ikkje rapportert om fordi det går veldig bra med barnevernet på Voss.

Kompetente. Flytta ressursar frå tiltak til tidleg innsats, allereie i barnehage og skule. Litt meir uteskule og alternativ som passa betre for alle. Meir fleksibel skulegang, alle er ikkje like.

Dreie tenestene til minst mogleg fosterheim. Openheit kring barnevernet. Få fram det positive kring barnevern.

Kopiera strukturen til barnevernet til andre etatar i kommunen. Tydeleg leiing, fagleg utfylling. Tidleg innsats. Ikkje alle passar inn i standard.

Tidleg innsats, utfordringar vert fanga opp tidleg. Me er ikkje flinke nok til å uttrykke følelsar og frustrasjoner, og uttrykk dette med å vera uroleg. Rekruttera fagleg dyktige tilsette. Gode arbeidsvilkår.

Tilstreba å gje barnevernet rammer dei treng for å realisera vurderingar og anbefalingar som dei har lagt fram som fagpersonar i dag. Forsking og utanforregnskapet synar at tidleg innsats gjev resultat.

Tru på reforma slik den er no. Helse, barnevern, oppvekst skal samhandla. Eit liv starta allereie i svangerskapet. Oppstartssamtalen. Gode ressursar fyrste åra i barnehage og skule, og barseltida. Trygga foreldre i at ein gjer godt nok. For nokre er det verdensomveltande å verta foreldre. Tenke litt som omsorgstrapp i helse, inn tidleg. Tenestene utfører det som trengs kring personane før ein hamnar i barnevernet. Kulturendring?

Tidleg inn, kompetanse på tvers av kommunar. Mørketala er større enn dei reelle tala.

Dersom barnevernet vert meir opent, so vert terskelen lågare for å kontakte barnevernet.

Anonymtelefon dersom ein er bekymra for eit born. Bruka dette i større grad. Nokon å diskutere med om kva ein skal gjere.

Lære respekt for andre i skule; god sosial læringsarena.

Ta med seg diskusjonane og forslaga som Eivind kom med inn i organisering av tenestene.

Snu tankegangen «barnet er vanskeleg» til «eit barn har det vanskeleg/ikkje bra». Mykje av dette startar i heimen. Spriket i foreldregruppa er stort. Kva tilbyr me foreldre i forhold til rettleiing? Gjera ICDP kurset so lågterskel at folk tør å delta.

Helsestasjonane er tidleg på heimebesøk.

Ynskjer statistikk på sjølvomord i Vestland.

- Eit overordna ynskje er ønske at bvn. overflødigger seg sjølv. Me ynskjer eit ope barnevern med utstrekkt tverrfagleg samarbeid.
- Definere kven skal samarbeide og korleis? Ferrast mogeleg skal ha behov for eit barnevern.
- Vedkomande «Det ytre barnevern»; trong for rettleiing i korleis skal ein vere eit «ytre barnevern» Kunne ynskt eit lavterskel tilbod med rettleiing/info frå barneverntenesta om korleis handle som «det ytre barnevern»
- Kan hende oppgang i meldingar til barnevernet tilseier at dei har vorte meir opne og «ufarlege».
- Kanskje ikkje dumt at saker er innom bvn for deretter å verte forankra i «det ytre barnevernet».
- Organisering av tenesta må vere på plass med mål, rammer og retning.
- Svært bra at det no er lovfesta årleg rapportering til heradsstyret. Ambisjonen til tenesta og heradet må vere at me har minst mogeleg «tunge tiltak».
- Me må ha tilstrekkeleg med ressursar når me treng det. Utan diskusjon. Ynskje er at at bvn skal lukkast og at bvn. blir kjent.
- Me veit at me ikkje får mykje meir ressuras i form av pengar og folk. Viktig at ein lærer opp- og tek vare på dei tilsette me har. At me arbeider for at haldninga er at det er «våre barn» ikkje bvn. Sine
- Tidleg innsats og forebygging. Må unngå utenforsk og barnefattigdom.
- Det handler om å vete om kva me arbeider med. Dei som treng hjelp er «våre barn»
- Me treng framleis «nabokåno». Teieplikt må ikkje vere til hinder for å ta kontakt med bvn. Må definera og gjevest opplæring i korleis melde. Både offentleg og anonymt
- Bvn er også eit hjelpetiltak ikkje berre straff. Kan hende fleire vit dette. Men kanskje ikkje alle som treng det veit nok. «Alle» må hjelpe til med å informere- og framsnakke barnevernet
- Tidleg innsats er viktig.
- Fleire folk må tettare på. Forstå- og tenkte at det gjeld «våre barn»

# Stikkord frå gruppdiskusjonane

Ambisjoner og ønsker for barnevernet og oppvekstfeltet

Det vert gjort mykje bra. Me deler barnevernet sin ambisjon om: Mindre plassering og heller prøve alt for at dei kan vere heime.

Me treng eit oppvekstfelt som er flinkare til å kjenne kvarandre godt. At me ser styrkane til kvarande

Økonomi – Det må leggjast gode rammer i budsjetta. Det må vere forutsigbart kva rammer me har.

Trygge og stabile tilsette som er fagleg gode

Nok resursar til ta imot dei henvendelsene som kjem

Det er stadig viktigare med lågterskel tilbodet. Barnehage og grunnskule treng fagkompetanse dersom dei opplever å mangle dette.

Dei som jobbar med å hjelpe andre, treng meir enn nokon, at det er eit godt arbeidsmiljø. Det vil ha innverknad på dei dei er sett til å hjelpe. Kjekt at barnevernet framsnakkar sitt eige arbeid.

På sikt - at born skal fullføre ungdomsskule og vidare skulegong. At fleire er rusta til dette. Då treng me kanskje meir helsefagleg bakgrunn inn i skulen?

Førebygging – korleis kan me få meir samfunnsøkonomi inn i det vanlege budsjettet. Ei investering i førebygging gjer gode resultat for framtida.

Det ytre barnevernet – kan me gjere noko her? Har me noko å hente? Har me kapasitet? Ei satsing her vil koste noko på kort sikt, men kan gje oss gode innsparinger på litt lengre sikt. Har dei som jobbar i dag kapasitet til dette? Intern kursing frå barnevernet ut i tenestene.

Barnekoordinator

Kan det hende at terskelen er lågare,, sidan me har så mange meldingar no?

Me må tørre å snakke om korleis me skal handtere det me får vite.

Har me kompetanse til å sjå?

Korleis snakkar me om ein klasse og om ein elev. Det er elever med utfordringer